

# No kan knotten komme

**ASKVOLL:** Med myggfella «Midgeater max» på plass, kan ungar og vaksne i Bulandet Barnehage truleg gå sommaren trygt i møte.

ANNE BRITT SANDØY tekst og foto

Myggplaga i barnehagen var så stor at det ikkje var mogleg å vere ute med ungane på fine sommardagar. Foreldra syntest dette var for ille, og arrangerte kakelotteri for å samle inn pengar til ei myggfelle.

Etter undersøkingar om kva som var på marknaden, bestemte dei seg for å satse på «Midgeater Max».

– Sidan fella skal stå i ein barnehage, syntest vi det var tryggest å ha ei med skjult gassflaske, fortel Laila Halsøy, som er leiar i foreldrerådet.

## Blir fanga i ein pose

At firmaet har gode referansar frå fellene dei har levert til Gulatingset hadde også ein del å seie. Gunnar Bygnes leverte fella denne veka, og gav samstundes opplæring i bruken av den.

– Myggen, eller sviknott som arten her heiter, er ikkje komen enno, så vent med å starte fella til hoknotten er på plass, råda Bygnes.

Han fortalde at knotten blir fanga i ein pose, som skal skiftast ved behov.

## 8000 mygg veg 1 gram

– I 2005 samla vi 260 gram mygg på to feller i løpet av fire dagar, fortel Bygnes, og legg til at 8000 mygg til saman veg eit

## ■ Barnehagen i Bulandet har fått myggfella på plass



**OPTIMISTAR:** Med nyinnkjøpt myggfelle satsar Bulandet barnehage på at dei ikkje lenger må rømme i hus på grunn av knottplagen på fine sommardagar. Frå venstre: Tonje Halsøy, Laila Halsøy, styrar Gunn Torill Finset Fedøy (bak), Ruben Fedøy, Stein Are Norstrand, seljar Gunnar Bygnes, Anne Berit Thistel og Isak Hatløy.

gram. Fella skal flyttast rundt i barnehagen i løpet av ein sesong. Når ein merkar at det vert færre knott på ein stad, er det på tide å flytte den vidare til ein ny plass med mykje knott.

– Vi er takksame for at Askvoll Kommune har sagt seg villige til å dekke driftsutgiftene med inntil 2000 kroner i året, seier Halsøy, som trur at kostnaden ikkje vil overstige det, om ikkje

sesongen vert altfor lang. Knotten har oftast to klekkeperiodar i løpet av ein sesong, og Bygnes lovar at plaga vil vere monaleg redusert i andre klekkeperiode.

– Men heilt vekk blir nok knotten aldri. Det er alltid nokon som slepp unna, avsluttar Bygnes.

anne.britt.sandoy@eninvest.net

Vi oppfyller alle dine forventninger til en tysk bil.

Nesten

Kraftig motor

Ekstremt romslig

Sprenger lommeboka

**Opel Vectra 1.9 CDTI turbodiesel m. DPF, Elegance II stv. inkl. Cosmopakke fra 311.800,-**

Kvalitet som både føles og synes. En romslig og allsidig bil med kraftige motorer og massevis av smarte løsninger til en hyggelig pris.

**COSMOPAKKEN KUN 1 900,- (VERDI 15 400,-)** • 16" Lettmetallfelger • Delskinn interiør • Elektronisk klimaanlegg • Kjørecomputer • Aut. hastighetskontroll • Skinntrukket ratt • El. åpning av bakluke • Mørkfargede ruter bak • El. betj. vinduer f/b • Tåkelys • Midtarmene foran • Fører og pass. sete med 8-veis just. • Leselys f/b • Koppholder bak m.m.

## Opus

Halbrendsoyra 7, 6800 FØRDE.

Telefon: 57 82 99 00. Telefax: 57 82 99 01.

Salsavdeling Kaupanger, tlf 57 62 57 57